

## Retningslinjer for tildeling av tilskot frå KRAFTFONDET I VOLDA

Kommunen har næringsfond (kraftfond) til disposisjon i høve direkte støtte til private nærings tiltak og kommunale fellestiltak.

Retningslinjer for årleg tildeling:

1.	Årleg løyving i samsvar med avtale; Sunnmøre kulturnæringshage, Hoppid satsinga Volda Næringsforum	Kr. 150.000,- Kr. 375.000,-	Adm. handsaming
2.	Årleg løyving til festivalar etter søknad og individuell handsaming	Kr. 275.000,-	Adm. handsaming
3.	Til disposisjon Ordførar: tiltak marknadsføring, arrangement i kommunal regi med fokus på utvikling og etablering, utgreiingstiltak mv	Kr. 100.000,-	Ordførar
4.	Enkelt søknader vurdert etter kriteria under og handsama individuelt	Resterande del av årleg avkastning	Formannskapet

### Om pkt 4:

Då midlane er avgrensa, vert følgjande lagt til grunn for prioriteringa av bruken:

Høve til å søkje på desse midlane skal kunngjerast. Dersom der står att midlar etter tildeling (pkt. 4) vil søknader bli løpande handsama.

Søklar må vere registrert med organisasjonsnummer i Einingsregisteret og ha firmaadresse i Volda kommune.

Tiltak kan vere investering i produksjonsanlegg og utstyr, profilering og merkevarebygging, produktutvikling, kompetansehevingstiltak, marknadsundersøking, m.v.

Tiltak kan støttast med inntil 50% av totale kostnader. Kommunen kan vurdere ein høgre finansieringsdel (inntil 75%).

Eit prosjekt skal ikkje gjevast støtte over lengre tid enn 3 år.

Det vert normalt ikkje gjeve støtte til : Importverksemd, detaljhandel/butikketableringar, kafe og restaurantverksemd, tradisjonell konsulentverksemd/bedriftsrådgjeving, helse/-velværetilbod, web-design, nettbutikk.

I dei høve der det er naudsynt med noko form for autorisasjon eller liknande blir det ikkje gjeve støtte før slik ligg føre. Ved etablering av handverksbedrifter skal søklar ha nødvendig fagbrev.

Det vil i hovedsak ikkje bli gitt støtte til:

- Rullande materiell (bil og tilhengar)
- Kontorutstyr og –maskinar
- Handverktøy
- Bygningar (her unntatt produksjonsanlegg), Det kan gjevast tilskot til oppgradering av lokale etter individuell vurdering.

Det vert ikkje løyvd midlar til tidlegare støtta tiltak før det har gått 5 år frå første gong det vart gjeve støtte til tiltaket. Dette hindrar ikkje at eventuelle nye eigarar kan søkje støtte til supplerande investeringar eller bedriftsutviklingstiltak.

Vidare i tilfelle sal/nedlegging:

- Dersom verksemda blir selt eller nedlagt i løpet av 2 år frå tilsegn om støtte vert gjeve, skal fondsstyret (formannskapet) kunne krevje attendebetalt høvesvis del av innvilga tilskot etter nærare vurdering.

Ved nyetableringar vil det etter nærare vurdering også kunne bli sett følgjande vilkår:

- Det er eit vilkår at sækjar vil ta del i etablereropplæring, t.d. Etablererskulen. Fondsstyret vil dekkje 50% av kostnadene til denne på vanleg måte.

Utover dette vil søknader bli handsama individuelt og vurdert i kvart einskild tilfelle.

Tilskot frå kraftfondet er rekna som bagatellmessig støtte etter EØS-regelverket. Ei bedrift kan motta maksimalt 200.000 euro bagatellmessig støtte over ei rullerande treårs periode. Det er bedrifta sitt ansvar å oppgje tidlegare bagatellmessig støtte i søknaden.

Midlar frå kraftfondet vert rekna som skattbar inntekt for sækjar.

**NB!** Alle brev og søknader til kommunen (saksdokument) er etter Offentleglova opne for innsyn. Kommunen vil vurdere evt. unntak frå dette i samsvar med reglane i kap. 3 i nemnde lov i kvart einskild tilfelle (sjå Lov om rett og innsyn i dokument i offentlig verksemd av 19.05.06).